

Ann-Kristin Brennsæter

Elefanten i rommet

Ei analyse av implisitt kommunikasjon i NRK-serien *Heimebane*

Bacheloroppgåve i Lektorutdanning i språkfag for trinn 8 – 13

Rettleiar: Kaja Borthen

Juni 2023

Ann-Kristin Brennsæter

Elefanten i rommet

Ei analyse av implisitt kommunikasjon i NRK-serien
Heimebane

Bacheloroppgåve i Lektorutdanning i språkfag for trinn 8 – 13
Rettleiar: Kaja Borthen
Juni 2023

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for språk og litteratur

Samandrag:

Relevansteorien er ein teori som søker å forklare korleis mottakaren av ei ytring klarer å kome fram til det som kommuniserast implisitt. Teorien seier derimot lite om kvifor talarar vel å kommunisere slik. I denne oppgåva undersøker eg kvifor talarar vel å kommunisere implisitt på trass av at dette kan krevje meir av mottakaren å tolke. Dette gjer eg ved å analysere implisitt kommunikasjon i NRK-serien *Heimebane*, og identifisere fordelane denne kommunikasjonen bringer med seg. Eg retter fokuset mot implikaturar, metaforar og ironi. Gjennom analysen fant eg at moglegheita for ansvarsfråskrivning var ein sentral motivasjon for å kommunisere implisitt, og særleg ved bruk av implikaturar. Vidare kan metaforar brukast til å snakke om tabubelagde tema på ein meir skånsam måte, samtidig som det på den andre sida kan gjere eit tema meir konkret. Ironi vart fyrst og fremst brukt for å gjere narr av og stille mottakaren til ansvar for ei tidlegare ytring.

Nøkkelord: *Relevansteorien, implisitt kommunikasjon, implikaturar, metaforar, ironi, «Heimebane»*

Abstract:

The relevance theory is a theory that seeks to explain how the recipient of an utterance manages to arrive at what is communicated implicitly. However, the theory says little about why speakers choose to communicate in this way. In this thesis, I examine why speakers choose to communicate implicitly even though this may require more from the recipient to interpret. I do this by analysing implicit communication in the NRK series *Heimebane*, and identifying the benefits this communication brings. I focus on implicatures, metaphors and irony. Through the analysis, I found that the possibility of disclaimer of liability was a key motivation for communicating implicitly, and especially when using implicatures.

Furthermore, metaphors can be used to talk about taboo topics in a gentler way, while on the other hand it can make a topic more concrete. Irony was primarily used to make fun of and hold the recipient accountable for a previous statement.

Keywords: *Relevance theory, implicit communication, implicatures, metaphors, irony, "Heimebane"*

Innholdsliste

1.0 Innleiing	3
2.0 Teori	3
2.1 Relevansteorien.....	3
2.2 Implikaturar.....	4
2.3 Ironi.....	5
2.4 Metaforar.....	6
3.0 Metode	7
4.0 Analyse	8
4.1 Dialog 2: Fabelaktig kjole.....	9
4.2 Dialog 6: Klump i magen.....	10
4.3 Dialog 8: Den e kjip.....	12
5.0 Oppsummering	13
Referanseliste	15

1.0 Innleiing

Språk er ein heilt naturleg del av kvardagen vår. Det er så naturleg at me til vanleg ikkje tenkjer over kva som skjer når me kommuniserer eller kvifor me vel å kommunisera på den måten me gjer. Mykje av kommunikasjonen er eksplisitt. Men me kommuniserer og mykje på eit implisitt nivå. I desse tilfella krevjast det meir av mottakaren av ytringa å tolke meininga. Kognitiv pragmatikk undersøker korleis kommunikasjon er mogleg reint kognitivt. Eit mål er å undersøke meininga bak det som vert kommunisert. Dette går ut på å forstå avsendaren sin intensjon bak ytringa, kva ytringa betyr i konteksten samt kvifor ytringa får den tolkinga ho får (Falkum & Kjøll, 2014, s. 173). Deirdre Wilson og Dan Sperber har utvikla ein teori som dei har kalla relevansteorien. Denne har som mål å forklare korleis implisitt kommunikasjon er mogleg (Falkum & Kjøll, 2014, s. 174). Teorien handlar fyrst og fremst om korleis mottakaren klarer å kome fram til det som kommuniserast implisitt. Teorien seier lite om kvifor avsendaren vel å vere implisitt. Dette undersøkast i større grad i sosiopragmatikken. Her vert til dømes tema som høflegheit, sosiale roller, makt og kjønn forska på (Falkum & Kjøll, 2014, s. 173).

I denne oppgåva vil eg sette fokus på implisitt kommunikasjon, og undersøke kvifor talarar ofte vel å kommunisere implisitt framfor eksplisitt på trass av at dette kan krevje meir av mottakaren å tolke. Eg skal sjå på kva som kan vere fordelane med å kommunisere implisitt gjennom å analysere samtalar frå sesong 1 av NRK-serien *Heimebane* (Fasting, 2018). Hovudfokuset skal vere på tre dialogar, men eg kjem og til å nytte døme frå andre dialogar i serien. I desse tre dialogane kjem eg til å trekkje fram døme på bruk av implikatur, metafor og ironi. Eg skal begynne med å presentere relevant teori for oppgåva. Dette inneber ein kort presentasjon av relevansteorien og fenomenen implikatur, ironi og metafor. Deretter følgjer ein metodedel der eg presenterer serien *Heimebane*, og korleis eg har valt ut dialogane. Eg går og kort inn på det å bruke intuisjon i studie av språk. I hovuddelen presenterer eg resultatane frå analysane av dialogane. Det vil seie korleis eg og personane i serien har tolka ytringane, og refleksjonar rundt kvifor dei er ytra implisitt. Avslutningsvis kjem ei oppsummering der eg ser på analysane av alle dialogane samla, og samanfatar funna.

2.0 Teori

2.1 Relevansteorien

Gjennom relevansteorien vidareutviklar Deirdre Wilson og Dan Sperber hovudtanken til Paul Grice om at eit sentralt trekk i all menneskeleg kommunikasjon er det å gje uttrykk for intensjonane sine og å sjå etter intensjonar hjå andre. Vidare baserer teorien seg på Grice si

påstand om at gjennom ytringa vil mottakaren få hint om kva som er den intenderte meininga (Sperber & Wilson, 2002, s. 1). Relevans er eit kjerneomgrep i relevansteorien. Sperber og Wilson har formulert eit prinsipp som dei kallar «Cognitive Principle of Relevance». Dette går ut på at det kognitive i mennesket er retta mot å maksimalisere relevans (Wilson & Sperber, 2002, s. 7). Ei ytring er relevant for mottakaren når ho førar med seg positive kognitive effektar, og jo større prosesseringskostnadar ho fører med seg, jo mindre relevant vert ho (Wilson & Sperber, 2002, s. 4). Positive kognitive effektar er sanne endringar i mottakaren sin representasjon av verda. Døme på relevante ytringar kan vere svar på eit spørsmål, ny informasjon om noko eller stadfesting av ein mistanke (Wilson & Sperber, 2002, s. 3).

Dei to prinsippa som vert kalla «Communicative Principle of Relevance» og «Optimal relevance» er heilt sentrale i relevansteorien. «Communicative Principle of Relevance» handlar om at ein kvar villa kommunikativ handling kjem med ei føresetnad om si eiga optimale relevans. Prinsippet «Optimal relevance» kjem med ei forklaring på når ei ytring er optimal relevant. Det er ho når ho er relevant nok til å vere verd mottakarens prosesseringskostnadar og ho er den mest relevante tatt avsendarens evner og preferansar i betraktning. Mottakaren har ulike forventningar til ulike talarar. Forventningane til relevansen i ytringa til eit barn vil vere lågare enn til ein voksen. Forventningane vil og variere i ulike situasjonar (Wilson & Sperber, 2002, s. 9). Når ein tolkar ei ytring, vil ein alltid leite etter den mest relevante tolkinga (Wilson & Sperber, 2002, s. 7).

2.2 Implikaturar

For å kome fram til implikaturen i ei ytring må mottakaren fyrst tolke eksplikaturen til ytringa. Ein eksplikatur er ein villa kommunikativ handling der budskapet vert tolka gjennom at dei koda omgrepa i ytringa vert avkoda og pragmatisk berika. Gjennom å fylle ut uartikulerte tydingskonstituentar, referansetilordning, disambiguering, og omgrepsjustering, vert det danna ein fullstendig proposisjon. Til dømes kan ytringa «Statsministeren skal besøke kongen i helga» bli nytta til å kommunisere eksplikaturen «Jens Stoltenberg skal besøke kong Harald den fyrste helga som kjem etter tidspunktet for ytringa». Ein eksplikatur vert tolka med utgangspunkt i det som er språkleg koda. Ein implikatur er og ein villa kommunikativ handling, men han vert utleia gjennom pragmatiske slutningar (Borthen, et. al., 2012, s. 13).

Me har to ulike typar implikaturar, impliserte premisser og impliserte konklusjonar. For å kome fram til den impliserte konklusjonen må mottakaren ta omsyn til ulike aspekt ved konteksten, det er desse me kallar impliserte premissar. Den impliserte konklusjonen vert

avleia av premissane og ytringanes eksplikaturar (Borthen, et. al., 2012, s. 16). (1) er eit konstruert døme på kommunikasjon av ein implikatur.

(1) Ann: Skal vi spille tennis?

Bob: Det regner.

(Borthen, et. al., 2012, s. 13)

Av ytringa «Det regner.» kan me utleie ein eksplikatur og ein implikatur som vist i (2).

(2) a. Det regner på dette tidspunktet på den staden Bob og Ann oppheld seg.

b. Bob vil ikkje vere med på å spele tennis.

(2a) vert i følgje relevansteorien kalla basis-eksplikaturen til ytringa. Medan (2b) er ein implikatur (Borthen, et. al., 2012, s. 13). For å kome fram til eksplikaturen må Ann tolke inn kvar og når det regnar. Ho må altså fylle ut uartikulerte tydingskonstituentar. For å kome fram til implikaturen må ho bruke si encyklopediske kunne om tennis. Dersom ho veit litt om tennis, kan ho tolke inn den impliserte premissen at ein ikkje kan spele tennis når det regnar. Ho kan dermed kome fram til at den intenderte konklusjonen er at Bob ikkje vil vere med å spele tennis.

Kommunikasjon kan kategoriserast som anten sterk eller svak, eller noko i mellom. Dette handlar om kor tydeleg kommunikasjonen er og kor mange ulike måtar ein kan tolke han på. Me skil og mellom svake og sterke implikaturar (Borthen, et. al., 2012, s. 17). Når me har å gjere med ein sterk implikatur, vil ytringa vere irrelevant utan den impliserte konklusjonen, medan ein svak implikatur berre har som oppgåve å implisere kva retning tolkinga skal ta (Clark, 2013, s. 237).

2.3 Ironi

Den klassiske definisjonen av ironi seier at det er «å si noe samtidig som man mener det motsatte» (Kjøll, 2014, s. 412). Grice behandlar ironi som eit brot på sanningsmaksimen som handlar om at ei ytring må vere sann (Wilson & Sperber, 2012, s. 3). Eit problem med den klassiske tilnærminga til ironi, er at ho ikkje kjem med ei forklaring på kvifor ein talar vel å bruke ironi (Wilson & Sperber, 2012, s. 4). Vidare er den klassiske definisjonen både overgeneraliserande og undergeneraliserande. Grice trekk sjølv fram eit døme. To personar går forbi ein bil med eit knust vindauge. A seier til B «Se, den bilen har ingen knuste vindauge.» Dette medfører at B ser uforståande på A (Kjøll, 2014, s. 415). Ytringa fungerer ikkje ironisk. Grice vil gjennom dette bilete understreke at definisjonen av ironi ikkje kan reduserast til det å uttrykke seg gjennom å bruke ord som betyr det motsette av det ein meiner.

Ei ironisk ytring treng heller ikkje alltid uttrykkje det motsette av det som er språkleg koda. Eit døme kan vere reaksjonen etter ei mislukka raketttoppskyting der tilskodarane kjem med tilropet woo-hoo. Dette er ei ironisk ytring, sjølv om det ikkje finst nokon direkte motsetnad (Kjøll, 2014, s. 417). Den klassiske definisjonen på ironi er dermed ikkje tilstrekkeleg for å forklare fenomenet.

Ifølje den relevantsteoretiske forståinga, er ironi når innhaldet i ei ytring vert tilskrive nokon andre eller talaren sjølv på eit tidlegare tidspunkt, samstundes som han kommuniserer implisitt at han tek avstand til dette innhaldet (Kjøll, 2014, s. 412). Ironi er ein attributiv bruk av språk. Dette tyder at talaren på ein eller annan måte refererer nokon andre enn seg sjølv på ytringstidspunktet. Ein underkategori av attributiv bruk, er ekkoisk bruk. Dette inneber at talaren i tillegg til å referere til nokon, formidlar haldninga si til det som vert referert. Dette kan gjerast på ein eksplisitt måte eller ved bruk av ironi (Wilson & Sperber, 2012, s. 10-11). To generelle trekk ved attributiv bruk av språk, som og gjeld ironi, er at den som refererast til ikkje treng å vere ein bestemt person, det kan og vere ein type menneske, eller ei generell haldning (Wilson & Sperber, 2012, s. 14). Dersom nokon kjem med ytringa «Fint ver i dag», ein stormfull morgon, treng ikkje talaren referera til ein bestemt person, men til den generelle forventninga at fint ver forbindast med sol og varme. Ytringa treng heller ikkje vere identisk til det som det refererast til. Det er nok å referera til det aspektet som er relevant. Wilson & Sperber (2012) trekk fram eit døme der Bill har heldt ei lang tale om seg sjølv. Når Jack spør Sue kva Bill sa, svarar ho ironisk: «Han er eit geni!» (Wilson & Sperber, 2012, s. 15).

Ironi er ofte knyta til ein særprega stemmebruk som understrekar at ytringa skal tolkast ironisk. Dette inneber ofte flat intonasjon, lågare tempo og toneleie og ein høgare intensitet enn i andre ytringar i samanhengen, og bidreg til å understreke den negative haldninga som ofte ligg i botn av ei ironisk ytring (Wilson & Sperber, 2012, s. 9-10).

2.4 Metaforar

Borthen og Berthelin (2023) kjem med nokre døme på metaforar. Eg presenterer tre av dei i (3).

- (3) a. Dragen er hjemme. [Om en person som lett blir sint]
 - b. Hun er og blir en bulldoser. [Om en person som oppfører seg hensynsløst]
 - c. Han er ikke akkurat noen engel. [Om en person som ikke oppfører seg bra]
- (Borthen og Berthelin, 2023, s. 1)

Det er vanskeleg å kome med ein treffande definisjon på metaforar. Borthen og Berthelin foreslår følgande definisjon.

- (4) Metaforer er indirekte sammenligninger som viser hvordan to entiteter (f.eks. individer, ting, aktiviteter eller egenskaper) som er tydelig ulike, ligner hverandre på minst én viktig måte (Borther og Berthelin, 2023, s. 4).

Denne definisjonen vil passe for (3a) og (3b), men ikkje for (3c). Ein veikskap ved denne definisjonen er altså at han ikkje stemmer for dei tilfella av metafor der poenget er at dei to entitetane som settast opp mot ein annan ikkje har likskapar. I følgje Grice har metaforar og ironi det til felles at dei begge er døme på brot av sanningsmaksimen (Wilson & Sperber, 2012, s. 3). Men metaforar skil seg blant anna frå ironi ved at den karakteristiske ironiske haldninga ikkje er ein del av ytringa. (Wilson & Sperber, 2012, s. 8). Ein anna skilnad er at det ikkje er knytt noko særprega stemmebruk til metaforar (Wilson & Sperber, 2012, s. 9).

Grice sin analyse av korleis metaforar vert tolka går ut på at når me innser at han ikkje forhold seg til sanningsmaksimen, gjer me han om til ei simile. Men denne analysen har fleire veikskapar. Carson og Wearing presenterer ein analyse som tar utgangspunkt i relevansteorien og som involverer omgrepsjustering. Dei kjem med følgande døme:

- (5)
- a. Mary sprang ein maraton for å skaffe pengar til velgjærdsarbeid.
 - b. Kveldsjoggen med Bill vart til ein maraton.
 - c. Å skrive ei avhandling var ein maraton Jane ikkje ynskja å gjenta.
 - d. Hart har kanskje vunne 100-meteren til Georgia, men Mondale har det som skal til for å vinne maratonen til California.
- (Carson & Wearing, 2011, s. 287)

Dei to fyrste døma kan tolkast bokstaveleg, samtidig kan det hende at ordet maraton berre refererer til at løpeturen var lang og utmattande. Dei to siste må derimot tolkast metaforisk. Til dømes kan (3c) tolkast som at det å skrive eit avhandling tar lang tid og er slitsamt, nett som eit maraton (Carson & Wearing, 2011, s. 287). Ved tolking av metaforar vil mottakaren av ytringa bruke den encyklopediske kunna han har om omgrepet som vert brukt, til å justere tydinga på ein slik måte at ytringa får optimal relevans ved bruk av minst mogleg prosesseringskostnadar (Carson & Wearing, 2011, s. 289). I nokre høve kan mottakaren sjå heilt bort frå dei definerande eigenskapane ved ordet (Borther og Berthelin, 2023, s. 10).

3.0 Metode

Eg skal undersøke problemstillinga «Kvifor vel talarar ofte å kommunisere implisitt framfor eksplisitt på trass av at dette kan krevje meir av mottakaren å tolke» gjennom å analysere implisitt kommunikasjon i sesong 1 av NRK-serien *Heimebane*. Her skal eg sjå på fenomenet implikatur, ironi og metafor.

Serien handlar om ei kvinne, Helena Mikkelsen, som har fått trenarjobb hos Varg IL, ein fotballklubb som akkurat har rykka opp til eliteserien. I serien får sjåaren innsyn i mange spennande og utfordrande relasjonar, og mykje av kommunikasjonen i dialogane forgår implisitt. Dette gjer *Heimebane* til eit spennande utgangspunkt for undersøking av problemstillinga. Eg har sett gjennom serien og notert meg samtalanane der implisitt kommunikasjon spelar ei rolle. Etter dette såg eg nærmare på det eg hadde notert meg, og plukka ut og transkriberte ni samtalar frå serien. Dette var samtalar der mykje av hovudbodskapen vart kommunisert implisitt, og der meininga i varierende grad vart forstått og misforstått av mottakarane. Eg har inkludert lydar som «ehh» og kommentert andre omstende som eg har vurdert som ein del av talehandlinga eller på andre måtar viktige for samanhengen. Deretter har eg identifisert den implisitte kommunikasjonen og analysert han. Eg har sett på kva som var den intenderte forståinga av ytringane, kva som vert forstått av dei og identifisert dei tilfella der dei vert misforstått. Til slutt har eg gjort ein subjektiv analyse av kva som kan ha vært hensikta til avsendaren med å kommunisere implisitt.

I arbeidet med dialogane nyttar eg meg stort sett av mi eiga intuisjon. Dette er ein vanleg metode innan språkforskning, men fører med seg nokre utfordringar. For det fyrste kan intuisjon variere frå talar til talar. I tillegg kan intuisjonen til ein person variere på ulike tidspunkt (Clark, 2013, s. 331). Samtidig legg Chomsky fram evidens for at intuisjonar og kan vere like på tvers av talarar (Clark, 2013, s. 332). Ein anna utfordring ved bruk av intuisjon er at ein er nøydd til å ta omsyn til kva kontekst som er tilgjengeleg for individet. Det vil vere umogleg å kome fram til alt dette ved hjelp av intuisjon (Clark, 2013, s. 333). I tillegg til å nytte meg av mi eiga intuisjon spør eg og ein annan person som har sett serien om kva som er hennar tolking for å sjå om den stemmer over eins med mi.

Dialogane er å finne i vedlegg 1. Vedlegget begynner med ei liste over personane som opptre i dei, og ei kort skildring av kven dei er. Dialogane er stilt fram i ein tabell med seks kolonnar, ei for nummerering av dialogane, ei for kva episode dei er frå, ei for konteksten, deretter den eksakte tida i episoden for ytringa, og til slutt sjølve dialogen.

4.0 Analyse

For å undersøke problemstillinga har eg valt ut tre dialogar. Desse dialogane har eg valt ut på bakgrunn av at dei inneheld døme på bruk implikatur, metafor og ironi. Vidare har eg valt ut ei ytring frå kvar dialog som viser døme på desse fenomena. Den fyrste som er eit døme på ein implikatur kan vere vanskeleg å forstå, og det er ikkje gitt at mottakaren fullstendig skjønner kva talaren vil formidle. Den andre som er eit døme på ein metafor, vert misforstått av

mottakaren. Den tredje ytringa er eit døme på ironi, og her kan det sjå ut som mottakaren skjønar kva talaren ynskjer å formidle. Konteksten til dei tre dialogane er ganske forskjellig, men har det til felles at mykje av kommunikasjonen skjer implisitt.

4.1 Dialog 2: Fabelaktig kjole

Den fyrste ytringa eg vil trekkje fram er ytra i dialog 2. Det er nett vorte offentleggjord at Helena Mikkelsen vert den nye hovudtrenaren til Varg IL. Ho har vore på ei pressekonferanse der mange av spørsmåla dreidde seg om henne som kvinneleg trenar på eit herrelag. Når ho får spørsmål om ho er redd for at det kan oppstå spenning mellom henne og spelarane, svarar ho at ho ikkje har tenkt å ha sex med dei. Bjørn Tangsrud, Vargs hovudsponsor er negativ til at Espen Eide, dagleg leier for Varg IL, har tilsett Helena Mikkelsen, men han har klart å overtale han til å ta ein middag for å treffe henne. Helena har på seg ein raud tettsitjande kjole for høvet. Ho og Espen reiser seg når Tangsrud kjem inn i restauranten. Helena handhelsar på han, og presenterer seg sjølv. Tangsrud betraktar henne opp og ned før han seier: «Det må ei sei. Fabelaktig kjole. Du sku hatt på dei den på pressekonferansa».

Det er vanskeleg å seie korleis Helena sjølv tolkar kommentaren til Tangsrud sidan ho ikkje svarar noko. Men ho gjev han umiddelbart eit skarpt vurderande blick, noko som tydar på at ho ikkje forstår det som eit komplement. Det er eit hånleg preg over måten Tangsrud seier det på, som kan tyde på at han gjer narr av henne som dame i herrefotballen. Samtidig kan det vere ein referanse til fokuset i pressekonferansen, henne som kvinne, og til hennar eigen kommentar om at ho ikkje hadde tenkt å ha sex med spelarane. Det kan dermed tolkast som at han ynskjer å formidle at pressekonferansen ikkje gjekk bra.

Menneske vil alltid søke å maksimalisere relevansen til ei ytring (Wilson & Sperber, 2002, s. 7). Fyrste del av ytringa «Fabelaktig kjole», kunne i seg sjølv vorte tolka som eit komplement, men fortsetjinga «Du sku hatt på dei den på pressekonferansa», tydar på at noko anna meinast med ytringa. Ytringa kan formidle ein implikatur der den impliserte konklusjonen er at Helena gjorde eit dårleg inntrykk på pressekonferansen. Impliserte premiss kan vere at fine klede gjev eit godt fyrste inntrykk, og at dersom ho hadde hatt på seg den kjolen hadde pressa fått eit betre inntrykk av ho. Den impliserte konklusjonen kan og vere at damer ikkje høyrer heime i fotballen. Her kan dei impliserte premissa vere at ein ikkje går med kjole på ein pressekonferanse som handlar om fotball, at Helena passar best i kjole og kanskje og at pressekonferansen handla meir om at Helena var kvinne enn om fotball. Implikaturen han bruker er ein svak implikatur som styrer retninga tolkinga skal ta (Clark, 2013, s. 237).

Det er ikkje lett å vite nøyaktig kva Tangsrud ynskjer å kommunisere med ytringa. Han kunne valt å kommunisere budskapet sin eksplisitt. Kvifor vel han ikkje det? Ein grunn kan vere at formålet med ytringa er at ho skal vere vanskeleg å tolke for Helena. Intensjonen hans kan vere å kommunisere vagt for å styre tolkinga hennar i ei viss retning for å gjere henne ukomfortabel i situasjonen.

Ein anna grunn for å bruke implisitt kommunikasjon i denne situasjonen kan vere moglegheita for ansvarsfråskrivning. Gjennom ikkje å seie eksplisitt til Helena at kvinner ikkje har noko å gjere i fotballen, kan ingen klandre han for å ha sagt det i ettertid. Dette skil implisitt frå eksplisitt kommunikasjon. Seinare i dialogen finn me eit døme på at Tangsrud skriv frå seg ansvaret for ytringane sine. Helena er frustrert over heile samtalen og hans innstilling ovanfor henne. Men den kan ho ikkje klandre han for på grunn av den implisitte kommunikasjonen. Når ho gjev uttrykk for sin frustrasjon får ho til svar: «E stille deg berre et enkelt spørsmål. Det e ingen grunn te hysteri».

Eit anna døme på at Tangsrud bruker implisitt kommunikasjon for ikkje å kunne verte stilt til ansvar for ytringa si, finn me i dialog 9. Tangsrud har lenge jobba for å få Helena sparka, og no har ho sagt til styret i Varg IL at ho seier opp frivillig dersom dei ikkje vinn neste kamp. Tangsrud deler dette med Michael Ellingsen, som er assistenttrenaren til Helena og spelar på laget. Han ynskjer henne og sparka. Tangsrud seier «Så ditta skjer det no. Ja, så sant hu ikkje vinne kampen då». Han kommuniserer gjennom dette til Michael at han må spolere kampen. Men ingen kan stille han til ansvar for å ha sagt det, sidan han aldri sa det eksplisitt.

Det kan og tenkast at Tangsrud nyttar seg av implisitt kommunikasjon for å oppretthalde ei høfleg fasade. Dei er i ein samanheng der det er forventa at dei skal opptre høfleg ovanfor kvarandre. Å rakke ned på folk, eller sei at ein ikkje lik dei er ikkje sett på som høfleg. Ved å gjere dette implisitt, kan Tangsrud likevel sleppe unna med det.

4.2 Dialog 6: Klump i magen

Neste ytring kjem frå dialog 6. Michael Ellingsen opplev utfordringar i ekteskapet. Samstundes har ei jente, Sissel Renate, begynt å sende han bilete og oppsøke han. Ved eit høve, etter at han hadde overhøyrd kona baktale han til ei veninne, oppsøkte han Sissel Renate, og dei hadde sex. Han har fortalt kona, Marianne, om bileta, og sagt at jenta er gal. Marianne har vore vikar på vidaregåande for Sissel Renate, og inviterer ho heim for ein prat. Marianne innrømmer at ho veit om bileta ho har sendt, og spør deretter korleis det går med

henne. Sissel Renate ler av spørsmåla og klandrar Marianne for å oppføre seg sjukt. Utdraget under følgjer i fortsetjinga.

(6) MaE: «Men du he et problem, Sissel Renate.»

SR: «Et problem?»

MaE: «Den klumpen som du kjenne her i magen. Michael kan ikkje hjelpe deg.»

SR: «Kå faen e det du prata om. Eg e ikkje gravid!»

MaE: *Oppgitt.* «Nei... Det e ikkje enn sånn klump. Asså du, du veit jo ka eg meina.»

Eg vil sette fokus på ytringa: «Den klumpen som du kjenne her i magen. Michael kan ikkje hjelpe deg». Her er det klart korleis Sissel Renate forstår ytringa. Ho tolkar det som om at Marianne trur ho er gravid. Marianne gjev uttrykk for at ho har misforstått, og gjennom at Sissel Renate lenger ned i samtalen klandrar Marianne for å tru at ho er «suicidal eller nokke» forstår me at dette fører til at ho no forstår intensjonen. Ein klump i magen skal referere til det å ikkje ha det bra med seg sjølv.

Frasen «klumpen i magen» er eit døme på ein metafor. Sissel Renate må bruke den encyklopediske kunna si om klumpar i magen for å kome fram til budskapet. Ho må velje ut dei assosiasjonane som er mest tilgjengelege for henne i augneblinken, og som gjer tolkinga av ytringa som heilskap relevant (Carson & Wearing, 2011, s. 288). I sentrum for misforståinga er det faktum at Marianne og Sissel Renate har ulik informasjon om situasjonen. Marianne trur Sissel Renate er ei jente med eit usunt behov for stadfesting som har sendt bilete til mannen sin, medan Sissel Renate veit at ho har det fint, og at ho og Michael har hatt sex. Gjennom at det ligg ein garanti for optimal relevans til grunn for ein kvar villa kommunikativ handling (Wilson & Sperber, 2002, s. 9), vil Sissel Renate leite etter denne i Marianne si ytring. Relevansteorien formularar vegen mottakaren går for å kome fram til tydinga. Han vil bruke den tolkingsmetoden som krev minst kognitive effektar, og stoppe tolkinga når forventningane om relevans er oppfylt (Wilson & Sperber, 2002, s. 12). Ein relativt vanleg klump å ha i magen, særleg etter at ein har hatt sex, er ein baby. For Sissel Renate er dette den mest nærliggjande justeringa av omgrepet «klump i magen», og tolkinga vert dermed at Marianne trur ho er gravid. Når Marianne uttrykkjer at Sissel Renate har misforstått må ho gjere ei ny tolking. Ein kan gjerne ha følelsen av å ha ein klump i magen når ein ikkje har det bra. Tatt i betraktning at Marianne nett har spurt ho om korleis ho har det, er dette ei anna relevant tolking.

Sjølv om Marianne si bruk av metafor ikkje var vellykka, må ho likevel ha hatt ein baktanke med å bruke ein metafor framfor å kommunisere eksplisitt. Psykisk helse kan vere

eit tabulagt tema. Dermed kan bruk av ein metafor vere eit forsøk på å gjere det lettare å snakke om, anten for Marianne sjølv, eller for Sissel Renate. Det faktum at Marianne ikkje set ord på det sjølv når Sissel Renate misforstår, ho seier berre «Asså du, du veit jo ka eg meina», kan vere ein indikasjon på at ho syns det er ukomfortabelt å snakke om sjølv. Det kan og vere eit forsøk på å gjere kjenslene meir konkrete. I staden for å snakke om abstrakte kjensler, kan det vere lettare å snakke om det som det det kan opplevast som, ein klump i magen. Ein metafor kan altså fungere på den måten at noko vert meir tydeleg.

4.3 Dialog 8: Den e kjip

Den tredje ytringa er og ytra av Marianne, og er frå dialog 8. Familien Ellingsen sit i stova og ser på fjernsyn. Michael sit i ein stol litt for seg sjølv og får med korte mellomrom meldingar som han ser på. Marianne tek mobilen hans og kastar han ut frå terrassen. Her startar ein samtale der Marianne indirekte klandrar Michael for å vere utru. (5) er eit utdrag frå samtalen.

(7) ME: «Jeg fortalte deg om den greia der. Dama er gæren. Hu sender meg alt muligart.»

MaE: «Men du svara jo alt mulig rart. Ho e søtten år Michael.»

ME: *Bøyer hovudet.* «Jeg visste det ikke før etterpå.»

MaE: *Ser overraska og såra på Michael.*

ME: *Legg ei hand på skuldra til Marianne.*

MaE: «Nei? Da, så. Du trodde du var utro med en tre-og-tjue-åring, og så va ho søtten. Den, den e kjip.»

Eg skal no sjå nærmare på ytringa «Da, så. Du trodde du var utro med en tre-og-tjue-åring, og så va ho søtten. Den, den e kjip». I fortsetjinga går Michael i forsvarsposisjon: «Det skjedde bare en gang. Fordi du og Hedda satt der inne og snakka drit om meg». Dette kan tyde på at han tolkar ytringa som ein form for angrep på han. Ytringa kan tolkast som at Marianne gjer narr av at Michael ser ut til å synast synd på seg sjølv fordi han tok feil av alderen til Sissel Renate, samtidig som ho viser han at det er ein absurd haldning å ha.

Ytringa er eit godt døme på ironi. Sidan Michael vil søke den meininga som gjev maksimalt med relevans (Wilson & Sperber, 2002, s. 7), vil han ikkje tolke ytringa bokstaveleg. Marianne har akkurat fortalt han at ho veit at han har vore utru, og Michael veit at det ikkje er vanleg å uttrykke medkjensle ovanfor mannen sin når han har vore utru. Han må altså tolke ytringa på ein annan måte i sin søken på positive kognitive effektar. Marianne speglar Michael si sjølvmedlidande haldning, og gjer narr av ho. Kendall Walton forklarar ironi som å imitere og gjære narr av nokon ein er ueinige med gjennom å påstå det dei påstår. På denne måten ynskjer talaren å demonstrere absurditeten i påstanden til den andre (Wilson

& Sperber, 2012, s. 27). Det er akkurat det som skjer mellom Marianne og Michael. Som tidlegare nemnt treng ikkje den ironiske ytringa vere identisk med det ho refererer til, berre lik nok til å vise til det relevante aspektet (Wilson & Sperber, 2012, s. 15). I dette dømet har ikkje Michael ytra noko som kan knytast direkte til at han synast synd på seg sjølv, men det at han bøyer hovudet og seiar i ein beklageleg tone «Jeg visste det ikke før etterpå», kan tyde på at han har gjer det.

Gjennom bruk av ironi viser Marianne Michael hans eiga haldninga fram for han. I staden for å seie til han at han oppfører seg på ein latterleg måte, viser ho han kor latterleg det er. Ironi er på den eine sida implisitt kommunikasjon, men samtidig er noko av funksjonen til ironi å gjere noko synleg. Og dette er ofte ei negativ haldning. Dette skil seg ut frå den bruken av implikaturar me såg i dømet frå dialog 2. Ytringa «Fabelaktig kjole. Du sku hatt på dei den på pressekonferansa» formidlar og ein negativ haldning, men denne er mykje meir skjult. Grunnen for å bruke ein implikatur på denne måten, kunne vere moglegheita til ansvarsfråskrivning. Når det kjem til ironi, er det heller ein måte å stille andre til ansvar for noko dei har sagt, eller på andre måtar uttrykt.

Eit anna døme på at ironi gjer noko synleg finn me i dialog 2. Tangsrud prøver gjennom heile dialogen å halde si innstilling til Helena på eit implisitt nivå, medan mykje kan tyde på at Helena ikkje har det same behovet for «danna konversasjon». Når Tangsrud kritiserer at ho liker Chelsea ved å kalle dei «Rikinga som spela feige fotball», svarar ho med kommentaren: «Nei, du har it nå sansen for næringslivstoppa som involvere seg i fotballag?». Dette er tydeleg retta mot at Tangsrud sjølv er i næringslivstoppen, og sidan han er hovudsponsor til Varg, openbart innvolverar seg i fotball. At Helena sitt poeng er forstått av Tangsrud viser seg av svaret hans: «Din likje råtass».

Samtidig kan ironi i nokre høve fungere ansvarsfråskrivande på same måte som implikaturar. Når Espen fyrste gang møter Helena for tilby ho jobb. Innleiar han med å snakke om fotball. Deretter spør han om dei skal ta ein middag. Helena trur han prøver seg på ho, og svarar hånleg: «Du e bare så utruli intressert i å hør mæ snakk om fotball?». På den eine sida gjer ho narr av hans dårlege forsøk på å prøve seg på ho. Samtidig er ikkje fallhøgda like stor ved at ho ikkje eksplisitt seier kva ho mistenkjer, dersom det skulle vise seg at han faktisk ville snakke om fotball. Han vil ikkje kunne klandre henne for å ha trudd noko anna.

5.0 Oppsummering

Eg har no sett på en del døme og vurdert kvifor talaren vel å kommunisere implisitt på trass av at dette kan krevje meir av mottakaren å tolke. Dei tre døma frå *Heimebane* har ganske ulik

kontekst, og motivasjonen for å kommunisere implisitt slik eg har tolka det er noko ulik frå døme til døme. Fellesnemnaren for dei samtalaneg har sett på, er at det som er sentrum for samtalen ikkje vert omtalt direkte. Det som kommuniserast implisitt vert som ein elefant i rommet. Alle veit at han er der, men ingen påpeiker han. Eller, som me har sett i det eine dømet, ynskjer Helena å gjere han synleg.

I dialog 2 er ansvarsfråskrivning eit sentralt omgrep. At Tangsrud har ei negativ innstilling til Helena, er tydeleg gjennom heile samtalen. Dette kan me sjå på korleis han startar samtalen med å kommentere kjolen hennar, men og gjennom spørsmåla han stiller henne. Gjennom at dette berre uttrykkjast implisitt, treng han ikkje stå til ansvar for innstillinga si. Eit anna aspekt ved omstenda rundt denne samtalen er at forventningane er at dei skal vere høflege ovanfor kvarandre. Den implisitte kommunikasjonen kan og bidra med å skjule den uhøflege tonen som ligg under.

I dialogen mellom Marianne og Sissel Renate vert det brukt ein metafor for å uttrykkje det å ha det vanskeleg med seg sjølv. Motivasjonen bak denne måten å uttrykkje seg på kan vere å skåne Sissel Renate for å snakke eksplisitt om noko som kan vere tabubelagt eller generelt vanskeleg å snakke om. På den andre sida kan ein metafor gjere noko meir tydeleg. Det kan vere meir konkret å snakke om klumpar i magen enn kjensler.

I den siste dialogen bruker Marianne ironi. Ironi vert ofte brukt for å gjere narr av nokon, og det er på denne måten Marianne bruker det. Samtidig kan ein seie at ho bruker ironi for å stille Michael ansvarleg for den innstillinga han har uttrykt. Gjennom å gjere dette ved bruk av ironi, viser ho fram for han korleis det høyrer ut i staden for å fortelje han det.

Ein taler kan sanke fleire fordelar av å kommunisere implisitt. Det opnar for moglegheita for ansvarsfråskrivning, det kan legge skjul på ein uhøfleg undertone, det kan gjere det lettare å snakke om tabubelagde tema eller til og med sette noko på spissen og gjere det tydelegare, samt å latterleggjere andre. Og ikkje minst, det tillèt oss å snakke om noko utan at det eigentleg vert nemnt. Det er *berre* ein elefant i rommet.

Referanseliste:

Borthen, K., Berthelin, S. R. & Thomassen, G. (2012). Om det uttalte – relevansteorien
implikaturbegrep i møte med autentiske data. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*,
30(1), s. 3-49.

Borthen, K. & Berthelin, S. R. (2023, mars). *Noe å brenne for? Metaforer og beslektede
fenomener*. Manuskript.

Carson, R. & Wearing, C. (2011). Metaphor, hyperbole og simile: A pragmatic approach.
Language and Cognition 3(2), 283-312.

Clark, B. (2013). *Relevance Theory*. Cambridge University Press.

Falkum, I. L. & Kjøll, G. (2014). Kognitiv pragmatikk og relevanst teori. *Norsk Lingvistisk
Tidsskrift*, 32(2), 173–196.

Fasting, J. (Manusforfatter). (2018). *Heimebane* (Sesong 1) [TV-serie]. NRK.

Kjøll, G. (2014). Når er ironi mislykket? *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 32(2), s. 412-444.

Wilson, D. & Sperber D. (2002). Relevance Theory. I G. Ward, L. Horn (red). *Handbook of
Pragmatics* (s. 1-56). Blackwell. ffijn_00000101. Senere publisert i Ward og
Horn (red.) *Relevance Theory*, Blackwell, 2004.

Wilson, D. og Sperber, D. (2012). Explaining irony. I *Meaning and Relevance* (s. 1-46).
Cambridge UP.

